

norsk bridge

Stjernene dominerer Seriemesterskapet



**Tormod Røren ny damelandslagskaptein
Hvordan forbedre klubbkvelden?**



MED 5 % RABATT SPILLER DET KANSKJE INGEN ROLLE OM DU GÅR BEIT AV OG TIL?

MIDNATTSOLEN GIR 24 TIMERS DAGSLYS

Hurtigruten er
den beste måten å
oppleve de norske



Hurtigruten og Norsk Bridgeforbund har inngått en samarbeidsavtale. Nå kan du som medlem i NBF glede deg til en sjøreise med vakker natur, deilig mat, komfortable lugarer og bridge om bord på Hurtigruten. Alle medlemmer får 5 % fast rabatt på individuelle reiser med oss. Kysten vår er spesielt vakker om sommeren. Fra dekk kan du se den norske naturen på sitt aller beste med frodige blomsterenger, gigantiske fossefall, dype skoger, majestetiske fjell og vakre fjorder. Det intense dagslyset varer hele døgnet, og de spennende utfluktene og opplevelsene du kan bli med på underveis, gjør at du med glede holder deg våken om natten.

Bli med reisen du alltid har drømt om. Bestill i dag!

Du bestiller reisen din på telefon 810 30 000.
Vennligst oppgi at du er medlem i Norsk Bridgeforbund ved bestilling.



JUBILEUMSTILBUD

Medlemmer i Norsk
Bridgeforbund får

5% rabatt

Gjelder alle reiser med Hurtigruten
på Norskekysten i 2013. Rabatten
gjelder kun på ordinære priser.



Leiar	2
Presidentens hjørne.....	3
Bridge på Hurtigruten.....	4
1. og 2. divisjon	6
Juledrøs fra Sørlandet.....	19
Divisjonsspeling i Bridgehuset.....	20
Resultater 3. og 4. divisjon	23
VM for nasjonslag	28
Tormod Røren ny damelandslagskaptein	30
Hvordan forbedre klubbkvelden	32
Live.bridge.no	38
Blommenholm BK 80 år	40
Enkle grep i Ballangen	44
Rekrutt-turnering Kløver Ess	45
Randi Uttisrud in memoriam	47
Bridge for de relativt ferske	52
Villy Dam.....	54
Kort fortald.....	58

NORSK BRIDGEFORBUND

Sognsveien 75 A
0855 Oslo
Telefon: 47 47 94 00
(mandag–fredag 12.00–16.00)
E-post: bridge@bridge.no
www.bridge.no
Bankkonto: 5002.05.01585
Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE

Mobil: 974 75 164
e-post: erlend@gammagrafisk.no
Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

LAYOUT
AIT Oslo AS

Forsidefoto: Snorre Aalberg

ANNONSER

Ansvarlig: Erlend Skjetne
erlend@gammagrafisk.no
Annonserpriser: Etter avtale
Annonsemateriell leveres skriftlig,
med e-post, eller brev.


TRYKK

Grøset™
Opplag: 9.000

Neste utgivelse
mars 2014
Innleveringsfrist
20. februar 2014

Trykk: GRØSET™





Underteikna residerer i inneverande bridgesesong i England, nær London. Delvis er det ei kulturreise, for det skal visst vera sunt for sjelelivet i ein periode å oppleva noko anna enn det ein alltid har opplevd, men det er sjølv sagt også mykje bridge inne i biletet. Ein må jo tene til salt i grauten, så i tillegg til framleis å skrive om bridge, prøver eg å spela litt profesjonelt her nede, så langt det lèt seg gjera, med rike menneske som er villige til å punge ut for å oppnå gode bridgeresultat. At eg så langt har vist meg ute av stand til å bringe dei dei gode resultat dei jaktar på, er vel eit av mange teikn på at dette strengt teke ikkje er det riktige yrket for meg, sånn på sikt. Men inntil vidare har eg det iallfall hyggeleg, og mange med meg vil jo meine at dette trass alt er det viktigaste ved bridgen.

Når dét er sagt, synst eg det er artigare å spela i Noreg enn i England. Ei årsak til dette, er naturlegvis at eg har langt fleire vener innan bridgen i Noreg, og ein har det jo til regel artigast mellom vener. Men det er andre faktorar også, visse bridgekulturelle skilnader, må ein kunne seia, som er interessante å observere.

For det fyrste: Engelsk bridge er – i mykje større grad enn norsk bridge

– framleis forbunde med sosial overklasse. Det at bridge fyrst og fremst er ein hobby for eldre damer med botnlause sparekontoar og ein klase druer montert fast til hatten, er ei misforståing som i høgste grad lever i Noreg. Men denne klisjeen må seiast å liggje langt nærare sanninga i det tradisjonelt svært klassesdelte England enn i det meir egalitære Noreg. I Noreg spelar absolutt alle slags menneske bridge. I England har det nok også skjedd ei utjamning, men det er ingen løyndom at ein stor del av bridgemiljøet her har røter i meir eleverte samfunnslag. Det er vel delvis difor ein har den ganske store skaren av sponsorar her, folk villige til å bruke mykje pengar på bridge, medan det i Noreg knapt finst nokon. Det ligg kanskje også i engelsk kultur å vera ekstremt opphengt i kutymen. Høflegheit ved bordet er vel og bra, men eg synst det kan bli i overkant pertentleg her nede. Mange vil vera usamde med meg, men eg meiner oppriktig at litt temperatur ved bordet, litt venleg sjikane og frisk frekkleik, er å føretrekkje framfor falske smil og irrelevant pedanteri.

Slik sett er det vel inga overrasking at engelsk bridge slit med ei enorm forgubbing. Det er framleis hordar av bridgespelarar her nede, berre den vesle klubben i småbyen der eg bur har over 400 medlemmer. Men tala er fallande og vil halde fram med å falle, for gjennomsnittsalderen er skyhøg og rekrutteringa minimal. Den årlege Englandsmeisterskapen for juniorar, som eg sjølv var med på i slutten av august, samla ikkje fleire spelarar enn vårt eige Junior-NM gjorde nokre veker tidlegare – og England har trass alt

53 millionar innbyggjarar. Også i Noreg er det ei klår overvekt av godt vaksne bridgespelarar, men aldersproblemet er nok ikkje fullt så akutt. Likevel bør ein ha i minne at norsk bridge går ei tilsvarande utvikling i møte, dersom det ikkje skjer stadige framsteg på rekrutteringsfronten.

Ikkje minst er det ein enorm forskjell på nivået. Gjennomsnittsnivået på bridgen i England er mykje lægre enn i Noreg. Det er ikkje eitt par til dømes i dei klubbane eg sjølv har spela mest i heime, Heimdal og Melhus, som ikkje ville hevda seg jamt og trutt i toppen av bridgeklubben i min engelske småby. England har – sett i forhold til den totale mengda spelarar – også ein langt mindre elite enn Noreg. Kvifor det har vorte slik er ikkje godt å seia, men det kan vel ha noko å gjera nettopp med dei forholda ein lærer bridge under: I England er nok bridgen for mange berre eit tidsfordriv, ein liten fritidssyssele det er kultur for å beherske på eit visst nivå i samfunnet, medan dei få som spelar bridge i Noreg, oftare er folk som faktisk er engasjerte og tek bridgen på eit visst alvor.

Med dette ville eg peike på eit par veikskapar, men i hovudsak nokre styrker som norsk bridge har: Vi er få i talet, men miljøet er veldig godt og fullt av kompetanse. Så gjeld det berre å utnytte den kompetansen til å rekruttere fleire til det gode miljøet! Alt anna vil vera ein stor tragedie.

*Erlend Skjetne,
redaktør*



Norsk Bridgeforbund står ved inngangen til et år som vil preges av at vi har påtatt oss å arrangere Åpent EM og Ungdoms-EM 2015 i Tromsø. Styret er bevisst på at den ordinære virksomheten skal gå som normalt, men det er ikke til å komme utenom at EM vil påvirke organisasjonen framover. Magnus Carlsen, Sjakk-VM og Sjakk-OL i Tromsø er eksempler på betydningen av å ha profiler og arrangere internasjonale mesterskap, som et virkemiddel for å bygge omdømme og øke markedsføringen gjennom mediadekning og at oppmerksomhet generelt øker.

I 2013 har det vært mye arbeid med å få på plass avtalen med Det europeiske bridgeforbundet (EBL) og skaffe nødvendig finansiering. I juni ble avtalene mellom EBL og NBF signert under Åpent EM i Ostende. I løpet av høsten har en prosjektgruppe bestående av undertegnede, generalsekretær Knut S. Brinchmann, Reinhold Fieler (NBF Troms og Ofoten krets) og Rune Kufaa (innleid prosjektleder) arbeidet

med å avklare finansiering og spillelokaler. Selv om det fortsatt gjenstår noe på finansiering og endelig avklaring av spillelokaler, mener styret at EM-prosjektet skal være mulig å gjennomføre innenfor de rammer som er satt og med en akseptabel risiko for Forbundet. Den største risikoen i prosjektet er antall deltakere i Åpent EM, og blir deltakelsen på nivå med tidligere mesterskap ligger det godt til rette for at prosjektet går med overskudd.

Dugnad er en bærebjelke i Forbundets virksomhet. For å sette fokus på den dugnadsinnsatsen som legges ned rundt omkring i klubbene, har styret opprettet utmerkelsen "Årets Bridgeildsjel". Denne utmerkelsen skal gå til en person som har lagt ned en bemerkelsesverdig innsats over lang tid. Årets bridgeildsjel i 2013 ble Bjørn Sveta fra Klepp bridgeklubb i Rogaland.

NBF har også etablert stipendier som klubber kan søke på, og i 2013 ble klubbstipendiene tildelt Lillehammer bridgeklubb og Nøtterøy bridgeklubb. Stipendiene tildeles klubber som har gjort eller planlegger innsats for å rekruttere nye spillere, utvikle nye bridgetilbud, og som jobber systematisk med å forbedre miljøet i klubben.

I forbindelse med EM i Tromsø vil det være stort behov for frivillige. På eget initiativ er det blitt etablert gruppe på Facebook, og det er meget oppløftende at det allerede har vært stort engasjement og stor vilje fra mange til å bli med og gjøre en frivillig innsats under EM. Jeg vil benytte denne anledningen til å beklage at vi ikke har fått fulgt opp disse initiativene godt nok. Vi har startet arbeidet med å etablere et frivillighetsprogram og avklare behovet for frivillige både før og under EM. Vi planlegger å starte rekruttering av frivillige i første kvartal neste år.

Både "Årets bridgeildsjel" og klubbstipendiene skal bidra til økt fokus på den dugnadsinnsatsen som gjøres rundt omkring i alle forbundets klubber og kretser. Det er mange som legger ned en stor og uvurderlig innsats for at medlemmene skal ha et godt og allsidig bridgetilbud. På vegne av Forbundsstyret vil jeg få benytte anledningen til å takke alle tillitsvalgte for innsatsen.

Til slutt vil jeg ønske alle medlemmene en riktig god jul og et godt nytt år. Jeg håper alle får en fin jule- og nyttårsfeiring, og at 2014 blir et år med mange hyggelige bridgeopplevelser.

*Jan Aasen,
president*

28. mars – 8. april 2014

Bridge på Hurtigruten

I perioden 28. mars til 8. april 2014 blir det igjen muligheter til å kombinere verdens vakreste sjøreise, Hurtigruten langs norskekysten, med verdens morsomste kortspill, bridge.

MS Finnmarken er et moderne cruiseskip med basseng, boblebad, døgnåpen kafé, flere trivelige puber og barer, og restaurant med fantastisk god mat. Alle fasilitetene har en nydelig utsikt som endrer seg hele veien opp langs vår vakre kyst. Bridgen foregår i store og luftige møterom.

Turen begynner i Bergen 28. mars og avsluttes når MS Finnmarken legger til kai i Bergen igjen 8. april.

Fra Trondheim den 30. mars arrangeres det en hovedturnering til Tromsø. Turneringen spilles over tre sesjoner à ca. 30 spill, 90 spill totalt. Her blir det forbundspoeng, medaljer og pengepremier til beste fjerdedel. Sesjon 1 starter fra Trondheim, sesjon 2 fra Bodø og sesjon 3 fra Harstad. Det er mulig å spille bare enkeltsesjoner, men da er man ikke med i kampen om hovedpremiene. Til gjengjeld er det sesjonspremier i alle sesjoner. Turneringsleder er Svein-Jarle Ludvigsen, startavgiften kr. 800 per par, og påmelding skjer primært ad bridge.no, der turneringen har navnet NBF Hurtigruten Open 2013.

Ellers arrangeres det også andre turneringer hver dag etter deltakernes ønsker. Det kan spilles alt fra vanlig parturnering eller lagkamp til singelturnering eller fasitturneringer. Vi kan også sette opp klubbkamper, jubileumsturneringer og sjetterundekamper i NM for klubbtag, dersom noen ønsker å benytte Hurtigruten som arena for noe slikt.

Det vil også bli avholdt bridgekurs om bord, så det er ikke noe problem å ta med ektefeller, barn, venner eller andre bekjente som ikke kan bridge. Spesialønsker som Ruter-kurs og turneringslederkurs på klubbnivå kan også være gjennomførbare.

Tidsskjemaet er lagt opp slik at det skal være mulig å delta på alle Hurtigrutens utflukter. I Tromsø blir det en egen guidet tur der man kan se byens tradisjonelle attraksjoner, men det vil bli et spesielt fokus på EM i bridge i 2015, spillelokaler for dette arrangementet og hva som finnes av tilbud i nærheten.



Priser

(Hver enkelt strekning kan prises for seg selv – så man kan reise til og fra hvor man vil)

- * Bergen – Kirkenes – Bergen:
Fra kr 13.397,- inkludert fullpensjon
- * Bergen – Kirkenes:
Fra kr 9.151,- inkludert fullpensjon
- * Trondheim – Kirkenes:
Fra kr 3.760,- inkludert frokost
- * Trondheim – Tromsø:
Fra kr 2.316,- inkludert frokost

Ved spørsmål kan Svein-Jarle Ludvigsen kontaktes på telefon 909 43 472, eller e-post svein-jarle@bridge.no

Booking gjøres direkte hos Hurtigruten, på telefon 810 03 030. Mer info om reisen finnes på www.hurtigruten.no. Husk å oppgi medlemsnummer, eller i hvert fall nevne tilknytning til Norsk Bridgeforbund, for å få rabatt på reisen.

Alle kan delta, både nybegynnere og avanserte, utlendinger og nordmenn uten NBF-medlemskap. Man trenger ikke ha med makker, det kan ordnes på båten!

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til verdens mest fantastiske bridgereise!



Einvegskøyring i fyrstedivisjon ... Fåe overraskingar i andredivisjon

Av Erlend Skjetne

I år igjen blir dei to øvste divisjonane i Seriemeisterskapen spela i Letohallen nær Gardermoen. Som vi skreiv om også i førre sesong, ser det no ut til at ein har funne ei suksessoppskrift på gjennomføringa av dette store arrangementet. Suksess var også denne fyrste helga for lag Hauge, som har sikra seg ei suveren leiing i den øvste divisjonen.

Plasseringa i øydemarka nær Gardermoen er naturlegvis ikkje perfekt på alle måtar. Mange ville vel kanskje ynskt seg ein spelestad på ein meir sentral stad med litt fleire valmoglegheiter kva vedkjem både losji og mat og drikke, for ein er relativt fanga på dette hotellet som nærast ligg i eit vegkryss. Men på andre steller ville det fort vorte dyrare for alle partar, og det er ikkje lett å finne så veileigna lokale, store og luftige, som i Letohallen. For arrangørane er det naturlegvis ein stor fordel å ha alle puljene samla under eitt tak, slik at ein kan køyre rekneskapen synkront for dei alle, og i grunnen synst eg det har sin sjarm å ha så mange bridgespelarar forsamla nærast på ei form for leirskule ei heil helg, ein får sjansen til å snakke mykje med folk som ein kanskje har sakna. Nokre klaga over at det var dårleg med musikk og liknande i den ørvesle hotellbaren, som ikkje er så mykje anna enn bord og stolar, men det er trass alt eit fåtal som deltek i Seriemeisterskapen i bridge for å få høve til å danse.

Sjølve gjennomføringa av tevlinga gjekk for det meste smertefritt igjen, det var ingen problem med rekneskap eller liknande. Stor takk til den dyktige staben leia av Ronny Korsmo. Per Nordland, Oddmund Midtbø og Markus Bruno var glimrande tevlingsleiarar, Liv Marit Grude og Geir Harnes dyktige BBO-operatørar, Stian Jensen som vanleg eminent Ruter-ansvarleg og Kristian Stensgård ein upåklageleg dublør.

Det einaste uføresette hende allereie i forkant av oppstarten: Det var vedteke å byrja spela med skjermar også i andredivisjon i år, og skjermane var saktens monterte på borda i god tid, ikkje utan møte så mange bord som det dreier seg om. Men så kom den pinlege oppdaginga: Ein hadde ikkje trau! Til dei som ikkje har spela med skjermar, kan vi fortelja at traua er ei form for brett som ein legg meldingane sine på, og deretter sender under ei luke i skjermen: Slik kan ikkje dei to på den andre sida av skjermen vita kven som har brukt tid på å melde, og ein slepper i stor grad problem relaterte til tenkjepausar og liknande. Men utan traua er det å spela med skjermar plutseleg ganske meiningslaust. Feilen låg visst i bestillinga ein stad, skjermane hadde kome utan trau frå Polen, og det er i skrivande stund ikkje klårt om ein vil ta i bruk skjermar i den andre halvdelan av årets andredivisjonsspel, eller om ein eventuelt

vil vente til neste sesong. Uansett ein traurig affære. Slike forviklingar burde trauste bridgespelarar ha vore skjerma for. Saka var visst svært traumatisk for fleire. Men det er jo slikt som skjer.

For ein gongs skuld har favorittane innfridd i fyrstedivisjon. Dei som ikkje hadde dei som favorittar på førehand, kan ikkje ha visst kor forsterka Rogaland er i år. Det er eit lag som mot alle odds har slite tidlegare, trass i store namn som Helgemo og Helness i personalet, men no har dei også fått med seg det gamle stjerneparet Boye Brogeland og Erik Sælensminde. Dei er det klårt beste fyrstedivisjonsparet på den samanlagte butleren så langt. Geir Helgemo – Christer Kristoffersen er òg eit eminent par, og sponsor Rune Hauge er heller ikkje å kimse av når han spelar med Tor Helness. At dei i tillegg har sjansen til å rotere litt, så Helgemo og Helness kan spela med kvarandre, er naturlegvis ein stor styrke. Laget vann alle seks kampar fyrste helg i fyrstedivisjon, fem av dei stort og ein av dei så vidt. Dette er sterkt medverkande til at berre tri andre av dei tolv laga overhovudet ligg over middels. Møre og Romsdal, Lie, er nummer to, eit svært godt lag som riktig nok har vore nære nedrykksstreken i nokre sesongar no. På tridje fylgjer den hyggelege overraskinga Vest-Agder, med Jon Solli Hansen som kaptein, nyopptrykka frå andredivisjon i fjor. Fjorårsvinnarane Midt-Trøndelag 1, Grøtheim, er det fjerde og siste laget over middels. Vidare nedover er det temmeleg jamt. Vi veit av røynsle at alt kan skje, for tradisjonelt slår alle alle i fyrstedivisjon.

I andredivisjon var det etter mitt skjønn ikkje mange store overraskingar fyrste helg. I pulje A er det førebels daudt laup mellom Salten 1, Åselid, og Hedmark og Oppland 1, Holmbakken. 12 VP bak fylgjer Telemark 1, Øberg, som har spela fyrstedivisjon tidlegare og er eit interessant lag. I denne pulja spelar også Vestfold 1, Kopstad, som overraskande rykka ned frå fyrstedivisjon i førre sesong. Dei ligg som nummer fem, men har nok planar om å kjempe om gullet neste helg. I pulje B har eit noko endra Nord-Trøndelag 1, Davidsen, som også rykka ned i vinter, kome godt i gang med ferda opp igjen. Dei leier klårt framfor Lutro, der butlerkongar Jan Kristen Lutro og Trond Are Nitter spelar, medan Vestfold 2, Kjærnsrød, ligg på tridje. I pulje C ligg Hordaland 2, Høyland, det tridje



Tor Helness, Asbjørn Kindsbekken og Frank Erik Svindahl: Fyrste-, andre- og tredjeplass i fyrstedivisjon etter fyrste helg

nedrykkslaget frå førre sesong, komfortabelt i leiinga framfor Rogaland 2, Herland, og Møre og Romsdal 3, Hartvigsen. Nivået i andredivisjon er variabelt, frå lag som godt kunne spela fyrste med suksess, til andre som heilt klårt høyrer heime i tredje. Uansett trur eg ikkje det er nokon tvil no som tolv lag deltek både i fyrstedivisjon og i kvar einskilde andredivisjonspulje, om at det er lettare å halde seg i fyrstedivisjon enn å rykkje opp frå andre. Det blir nok eit bikkjeslagsmål andre helg, men mange av favorittane har altså kome godt i gang.

For at det ikkje skal bli for dørgande keisamt for dei som ikkje deltek i dei øvste divisjonane å lesa denne rapporten, har eg vald å forme han som eit sett med oppgåver frå bordet, så kan også dei litt mindre rutinerte få teste seg mot nivået i toppen av norsk bridge. Dette er generelt relativt høgt, men det blir gjort feil heile tida, så la deg ikkje skremme: Greier du å halde hovudet kaldt i kritiske situasjonar og tenkje deg nøye om før du tek dei store avgjerdene – kort sagt å halde i korta, som det heiter – bør du ha gode sjansar.

Allereie i fyrste kamp hamnar du i fleire prekære situasjonar.

♠AQ10
♥3
♦Q98762
♣A62

I fyrste hand opnar du i vest med 1 ruter, nord doblar og makkeren din melder 1 hjarter. Sør hoppar til 2 spar, du seier pass, og nord synst han har til 4 spar etter denne vesle oppmuntringa frå makker. Kva spelar du ut?

♠K104
♥KQ1087
♦K83
♣J9



Jon Sveindal, Jørn Arild Ringseth og Jim Høyland: Leier høvesvis avdeling A, B og C i andredivisjon

I andre halvdel av denne kampen møter du eit par som nyttar det svært avanserte systemet relépresisjon. Fordi dei opnar 1 kløver kvar gong dei har 16 honnørpoeng eller meir, er dei andre opningane deira på einsteget noko tynnare enn hjå dei fleste. Mellom anna viser opning 1 grand 10-13 poeng. Denne meldinga kjem framfor deg, og du sit i ugunstig sone andre hand med handa over. Kva gjer du?

♠AK62
♥3
♦KJ1063
♣532

Du sit igjen i andre hand, ugunstig sone, og høyrer motstandaren framfor deg opna 1 hjarter. Den fyrste aksjonen din bør vera desidert: Du har berre elleve poeng, men ei fin og svært fleksibel hand. Kanskje er du freista til å melde av femkortsfargen din, men 2 ruter blir ei altfor einsidig melding, som er feil ikkje minst fordi du aldri må neglisjere sparen din: Spar er den høgast rangert fargen, og har makker tilpasning der er vegen kort til utgang, eller iallfall til å overvinne motparten med deira hjartertilpass i meldingsforlaupet. Altså skal du doble opplysande for å vise ei opningshand som er mottakeleg i alle andre fargar enn hjarter. Men denne gongen redoblar nord for å vise ti poeng eller meir og interesse for å straffedoble dykk. Makkeren din tek pliktskuldigast ut i 2 kløver, sør og du passar, men nord straffedoblar og det går to passar til deg. Melder du eller seier du pass?


La oss sjå korleis det gjekk med den fyrste kampen din i fyrstedivisjon.

♠J85
♥AK102
♦A4
♣QJ54

♠AQ10
♥3
♦Q98762
♣A62

♠63
♥QJ7654
♦5
♣10873


♠K9742
♥98
♦KJ103
♣K9



Ei marginal avgjerd dette her. Viss nokon har lærd deg alltid å spela singeltonen din ut, har du gått ein god skule. Det vil gagne deg i lengda. Men eitt av få unnatak kan du kanskje tillata deg i tilfelle der du har ein honnørsterk trumffarge, av ein slik kvalitet at dei korta du eventuelt får steling med, fort vil vera originalstikk. Med ess, dame, ti tener du neppe noko på å få ei hjartersteling dersom blindemann har kongen og sør har knekten, men du kan tene på det dersom sør har kongen og nord knekten. Det viktigaste poenget er likevel at dersom makker har eit inntak, er denne kontrakten beit uansett sidan du har kløver ess og sannsynlegvis to trumfstikk du må få for. Altså er dette ein posisjon for å freista skapa noko anna i motspelet. Men dei svarte fargane der stikka våre allereie ligg klåre, treng vi ikkje røre. Så ein ruter peikar seg ut, og er normalt ganske ufarleg frå ein lang, toppveik farge. Det er eit vonbrot å sjå ruterutspelet gå rundt til knekten, men når sør i stikk to spelar ein liten spar og du går opp på dama, har du lite anna å gjera enn å fri deg med ein ruter til. Når makker stel veit du at du har beita kontrakten, som står som eit segl med noko anna ut. I verste fall må speleforar då kutte ruterer gjennom deg, men det greier han etter opninga di.

♠Q8632
♥6
♦109
♣AQ763

♠K104
♥KQ1087
♦K83
♣J9




♠J9
♥A9532
♦QJ72
♣K4

♠A75
♥J4
♦A654
♣10852

Vest har ei ukomfortabel hand mot ein veik grand, spesielt i ugunstig sone. Det er ikkje ei spesielt god hand, fordelinga er keisam, og har makker også ei dårleg hand utan nemneverdig tilpass, kan det bli dyrt å melde inn. Ikkje minst reknar du med at makker er i stand til å føreta seg noko dersom dykkar side har noko i meldingsforlaupet å gjera. Slik tenkte nok vest ved mitt bord, og passa. Nord melde no

2 kløver, Stayman, og aust kunne ikkje gjera noko med esset tynt femte hjarter og elleve poeng. Sør sa 2 ruter, avslag og no sa nord 2 spar som var ei kunstig melding med diverse variantar innebygd, derimellom ei invitthand med 5-5 i svart. Sør sa 2 grand, som vel viste minimum (sør hadde jo allereie gjort ei tvilsam oppvurdering av sin nipoengar til ein tipoengar), og nord la av i 3 kløver, som viste 5-5-varianten. Det gjekk to passar, og vest synst ikkje det var nokon grunn til å bryte seg innpå no heller, spesielt sidan makker såg ut til å ha trikorts spar. Nord fekk ni stikk i 3 kløver, medan aust – vest vinn 4 hjarter berre på å gjera rett i spar. Feilen ligg hjå vest: Mot ein sterk grand har han ein opplagt pass, men han må melde over ein så veik grand, anten 2 hjarter naturleg eller einkvan konvensjon for å vise ein langfarge, nettopp for å verne seg mot ei utvikling som denne. Ein skal bruke sunn fornuft mot desse veike grandane, og ikkje bli overaggressiv, men med ei sunn opningshand med ein femkortsfarge som alle i andre salen vil få meldt av i fyrste melderunde, kan ein ikkje risikere å bli hengjande etter. Det var dei unge og svært farlege trønderane Håkon Kippe og Ivar Berg som feia undertekna og Espen Erichsen av banen på dette spelet ... og diverse andre spel.

	♠J1073	
	♥K2	
	♦95	
	♣AKQJ4	
♠AK62		♠94
♥3		♥Q1096
♦KJ1063		♦874
♣532		♣10987
	♠Q85	
	♥AJ8754	
	♦AQ2	
	♣6	

I gamle dagar var det ein tommelfingerregel at ein *ikkje* skulle redde makker. Men i den tida hadde jo makker alltid gode kort for meldingane sine. Med ei meir moderne tilnærming til bridge, der ein melder hardt dels for å sperre og dels i optimistiske voner om at eiga side kanskje kan koma i ein tvilsam kontrakt og vinne han på motspelsfeil, trengst det




Håkon Kippe og Ivar Berg

ein meir pragmatisk tankegang: Når motparten doblar oss på låge nivå, der dei alltid har mange alternative meldingar til rådigheit, er det som regel med god grunn – altså at vi er i trøbbel. Viss ein då har ein annan farge å flykte til som ser ut som den kan koma til å spela betre, er det som regel verd forsøket. Av og til vil ein kanskje gå ei beit meir i den alternative kontrakten, men dobla understikk er så dyre uansett at skilnaden ofte berre vil vera marginal, eit elendig resultat mot eit endå elendigare resultat. Men av og til skyt ein gullfuglen, og då er dagen redda. Her meiner eg det er desidert å ta ut i 2 ruter. Det kan sjølvsagt seiast at makker ikkje burde meldt 2 kløver på berre tiaren fjerde, at han heller kunne passa redoblinga og kasta ballen attende til deg, men av og til er det beste i slike situasjonar å melde med ei viss overtyding for å prøve å lure seg unne straffedoblingane. Når dei likevel kjem, må ein ikkje gje opp. 2 ruter dobla blir sannsynlegvis sju stikk, medan 2 kløver dobla med beste motspel er to stikk, 1700. Om du tek ut kan nord – sør også koma i skade for å melde 4 hjarter, der det er mogleg å gå beit etter ess, konge i spar og spar til steling ut: No må ein kappe hjarteren, men fleire gode speleforarar prøvde i praksis å toppe ut dama, og fekk berre ni stikk.

Fordi du spela så godt i fyrste kamp, får du lov til å stå over den andre, som går laurdag morgon. Dette passar deg godt, då du likar å vera oppe litt seint fredag kveld, ta eit par brus og kurtisere bridgespelarar av det motsette kjønn.

Fordi du har litt vondt i hovudet på grunn av all brusen kvelden i forvegen, høver det også godt at du ikkje får så vanskelege prøver i tredje kamp.


♠ -
♥ QJ1092
♦ AJ10942
♣ QJ



♠ KQJ76
♥ 8
♦ 8753
♣ AK3

Vest opnar 1 kløver, og makkeren din i nord hoppar inn med 2 grand. Etter som ein dobblar fyrst med poengsterke hender, er denne meldinga reservert for fordelingshender med mindt 5-5 i dei to lægste umelde fargane, i dette tilfellet ruter og hjarter. Du har flott rutertilpass og klaskar like godt til med 5 ruter, som det går pass rundt på. Vest spelar spar ut. Du må nesten trumfe den i bordet, for det er ekstremt usannsynleg at vest underspelar eit svart ess når han veit at bordet har maks tri svarte kort. Du må få fart på hjarteren, så du spelar ein liten til åttaren og vest sitt ess. Derifrå kjem ruter seks i skift. Kva gjer du?

Dette kjem vi attende til, men fyrst eit instruktivt lite problem der du blir nøydd til å gjera noko som er det verste du veit, fordi det så ofte har vist seg feil, nemleg å stole på makker. Stole på ein så ursløv, nedsnødd og gjennomført upåliteleg svinepels som den tverrdrivaren makker, er det verkeleg mogleg? Kanskje ikkje, men alternativet er trass alt endå dårlegare i bridge.




♠ KQ652
♥ 10853
♦ K43
♣ 5

♠ 104
♥ AK96
♦ Q985
♣ Q76

Vest opnar 1 spar, makker passar som alltid, og aust klaskar til med 4 spar, som det går pass rundt på. Makker spelar ut hjarter dame. Du kan eigentleg ikkje fordra å la han vinne eit stikk som du personleg kunne fått, men her veit du ikkje kva du skal gjera viss du stikk over, så du lèt den stakkars tosken få på dama si, og legg sjølv seksaren som styrke. Så held han fram med hjarter knekt. Kva gjer du med den?

Til fasiten:

♠ -
♥ QJ1092
♦ AJ10942
♣ QJ



♠ 985
♥ AK7
♦ KQ6
♣ 8752


♠ A10432
♥ 6532
♦ -
♣ 10964

♠ KQJ76
♥ 8
♦ 8753
♣ AK3

Med ti trumf utan konge, dame er det normalt ganske trygt å leggje ned esset, du tapar berre på det i dei ganske sjeldne tilfella der motstandaren framfor esset har bae honnørane tridje. Her må du få stole nokre hjarter, kanskje tri dersom vest har ess, konge fjerde, så du vil jo absolutt ikkje at aust skal koma inn i trumf og få spela ein ny ruter. Men ta deg i vare: Du veit eigentleg at vest har konge, dame i ruter her, ved ganske enkelt å telja honnørpoeng: Når du plasserer spar ess i aust, er det nemleg berre tolv honnørpoeng ute, og dei må nesten vest ha for opninga si. Legg du ruter knekt vinn du kontrakten, stikk du med esset går du beit.

Nils Kåre Kvangraven la glatt knekten mot underteikna. Men jamvel han ville gått beit med trumf konge ut. Kanskje eg burde funne det med ess, konge i hjarter? Det er veldig fort riktig viss bordet har ruter ess. Men når nord har meldt inn 2 grand i gunstig sone, er det sjølv sagt ein fare for at sør kan ha esset, og då kan det sjå utruleg dumt ut å gje vekk eit trumfstikk og kanskje beita i utspelet. Tillat meg også å skryte av lagkameratane mine her: Over 2 grand frå

Terje Aa, melde Allan Livgård 3 spar naturleg. Når Aa no føreslo 3 grand, sa Livgård pass med dei fine svarte honnørane sine, og ein vasssett kontrakt var funnen.

	♠3 ♥QJ ♦A10762 ♣J10932	
♠AJ987 ♥742 ♦J ♣AK84		♠KQ652 ♥10853 ♦K43 ♣5
	♠104 ♥AK96 ♦Q985 ♣Q76	

Spørsmålet er enkelt: Lèt du hjarter knekt gå, eller stikk du over for å også å prøve å cashe ein tridje hjarterhonnør? Med andre ord: Har makker spela ut frå dame, knekt tridje eller dame, knekt blokk? Veldig mange var usikre på dette i praksis, og 4 spar fauk heim på heile 24 bord, noko som verkar smått utruleg sidan det trass alt er fire reine toppstikk borte. Det skal då heller ikkje skje, for dette er eigentleg elementær bridge: Viss makker har spela ut frå dame, knekt tridje og opplever at det ligg tiaren fjerde i bordet og dama står, skal han sjølvsgagt aldri halde fram med knekten etterpå. For det fyrste sjølvsgagt fordi det gjev makker eit horribelt problem når han har ess, konge fjerde. Men det er jo reint teoretisk potensielt katastrofalt, for speleførar kan jo ha dukka frå esset fjerde, og makker ha kongen dobbel! Det kostar aldri å spela liten slik dette bordet ser ut, for når makker vinn stikket kan han berre spela liten attende – anten har nord då knekten att, eller så var utspelet frå dama dobbel og nord kan trumfe. Ergo tyder hjarter dame etterfylgd av hjarter knekt at nord har dobbelton, og sør skal stikke over og spela endå ein stor hjarter, så ein fjerde hjarter for å få bort den godspela tiaren i bordet. Nokre sørspearar kritiserte sikkert nord for at han ikkje berre tok for ruter ess då han fekk for hjarter dame, men dette er heilt urimeleg, for speleførar kan som sagt ha hjarter ess enno, og ruterskift kan innebera eit tempotap, eller speleførar kan vera renons i ruter for den del.

I fyrste halvdel av fjerde runde får du ei utspelsprøve igjen. Men du har vist tidlegare at du kan å spela ut, så denne greier du vel også?

♠985
♥10753
♦AKQJ8
♣A


Du opnar 1 ruter, og etter to passar melder sør 1 spar. Du seier pass, nord melder 2 kløver, sør 2 spar, nord 3 spar og sør 4 spar. Kva spelar du ut?

Før du får fasiten på dette må du også ta stilling til fylgjande hand:

♠Q3
♥-
♦KQ1093
♣AQ9753

Du skal ganske enkelt velja deg ei opningsmelding med denne handa, etter to passar fram til deg. Det ville vore fint å bruke 2 grand i opning som bæe minor i akkurat dette tilfellet, men du har ikkje den konvensjonen på systemkortet, så valet står vonarleg mellom 1 kløver og 1 ruter.

Kva utspel valde du mot 4 spar?

	♠K6 ♥AK64 ♦63 ♣Q10932	
♠985 ♥10753 ♦AKQJ8 ♣A		♠743 ♥98 ♦1054 ♣J8754
	♠AQJ109 ♥QJ2 ♦972 ♣K6	


Ruter ess verkar jo opplagt. Bordet kjem ned, og makkeren din legg pliktsskuldigast ruter ti for å fortelja om svakheit i ruter. Kontrakten er no



Erik Berg

ubeiteleg. Sume forsøkte seg kløver ess i utspel, og underspela deretter ruter i håp om at makker skulle ha tiaren. Tilfeldigvis hadde han den, men det kunne jo glatt vore påtråkk av kontrakten om sør hadde hatt den. Du er meir rutinert enn som så, og vil helst unngå å måtte gisse. Du spelar sjølvsagt ruter *dame* ut, som makker jo alltid vil leggje styrke på om han har tiaren. Her gjer han det, og du held fram med kløver ess og liten ruter til tiaren som du er trygg på at makker har. Han skjønar teikninga og gjev deg kløversteling, ei beit. Trønderen Erik Berg fann dette motspelet mot sine klubbkameratar frå Trondheim John Våge og Petter Eide. Dei fekk altså eit dårleg resultat på å melde seg fint opp i ein svært god kontrakt. Men slik er bridgen nokre gonger.

Så var det valet av opningsmelding.



Det finst folk som er uforsonlege på dette området: Dei opnar alltid ei 6-5-hand i den lengste fargen. Slik eg ser det er det opplagt å gjera dette dersom ein har styrke til å reversere etterpå, og det går også ofte greitt om fargane ikkje ligg inntil kvarandre: Har ein seks kløver og fem spar, kan ein opna i kløver og høgst sannsynleg få meldt sparen på eit noko lunde lågt nivå etterpå. Men med ei veik hand som denne,

med to minorfargar, får ein fryktelege vanskar dersom ein opnar 1 kløver og motparten plutselig har meldt eit par hakk oppover i major. Handa har spelestyrke, men ein har vel ikkje til å reverse heilt oppe på tri- eller firesteget? Samstundes føler ein at ein må melde, for ein vil jo ikkje gå glipp av ein potensielt høg kontrakt ... Eg er overtydd om at det er rett å opna ei så poengveik hand med så jambyrdige fargar i den høgste fargen. Så kan ein melde den lægre sorten etterpå, og får i det minste fortald om 5-5. I dette tilfellet melder nord inn 1 hjarter over din 1 ruter, og når makker støttar til 2 ruter og sør seier 2 hjarter, klaskar du ganske enkelt til med 5 ruter omgåande. I teorien kan du vinne tolv stikk ved å ta ein ruterutt på tiaren, men du er nøgd med dine elleve og 600.

Eit par rutinemessige spel seinare står du igjen ute i hotellbaren med ein brus, dagens blodslit er endeleg over, og kvelden er enno ung ... Men du tek det likevel litt roleg denne aftanen, for spelinga byrjar så ukristeleg tidleg som klokka ni morgonen etter.

“Sunday morning,” nynnar du, “praise the dawning, it’s just a restless feeling by my side ...” I femte kamp sit du attoverlent og noko melankolsk på stolen din og drikk kaffi, og vekslar mellom å vera blindemann og å spela mot keisame delkontraktar og like keisame utgangar. Forferdeleg. Men i tjuerfjerde og siste spel i denne kampen hender det endeleg noko. Du plukkar opp ein kval!


♠AK1083
♥AKQ82
♦2
♣53

I tredje hand med ingen i sona opnar du som vest med 1 spar. Du har ei glimrande hand og gler deg til å høyre kva makker kan fortelja deg om korta sine. Diverre får han straks munnkurv av nord, som jumpar inn med 5 ruter. Det går to passar til deg. Kva gjer du?

Du har to alternativ her, viss vi utelukkar pass som er uaktuelt med ei så spelesterk hand: Du kan doble, som er det mest fleksible i den forstand at makker av og til vil ta ut når det er rett, av og til passe når det er rett – eller du kan melde 5 hjarter, som jo er ei nokså eksakt skildring av handa di, men sjølvsagt

kan ende med beit, kanskje til og med fleire dubla beiter, i visse tilfelle der makker ikkje har stort. Men ein bonus med å melde er at makker nokre gonger kan lyfte deg til slem, som du i så fall har god tru på.

Heile spelet:

	♠72	
	♥-	
	♦AKQJ98654	
	♣Q9	
♠AK1083		♠Q54
♥AKQ82		♥J1075
♦2		♦107
♣53		♣J1072
	♠J96	
	♥9643	
	♦3	
	♣AK864	


Eg er overtydd om at det er riktig å melde 5 hjarter. Problemet med å doble er at det ikkje seier stort om handa di anna enn at ho er god. Du må doble på mange forskjellige poengsterke hender, og makker vil veldig ofte seia pass, spesielt når du som her kan sjå at han neppe har stort i korkje spar eller hjarter – kva skal han då liksom ta ut i? Han kan jo ikkje tru at det skal stå noko som helst dykkar veg med den elendige handa si, så han passar nok i von om ei beit. Aktuelt var jo 5 hjarter takbeit, så då hadde det kanskje vore riktigast å doble likevel? Nei, eg som melde 5 hjarter betalte riktig nok ut 100 poeng for ei dubla beit, men på det andre bordet, der vest dubla, måtte han i staden betala ut 650, for 5 ruter dubla med overstikk då det kom hjarter ut.

Sundag ettermiddag byrjar alle lagkameratane dine bli lei av bridgen, lei av heile livet ... Dei har jo generelt spela katastrofalt denne helga, medan du har briljert, og dei har så smått byrja innsjå at du ganske enkelt er ein betre spelar enn dei. Det er berre du som framleis greier å konsentrere deg på dette tidspunktet, så det er opplagt at du ikkje kan stå over siste runde, at det er du som må styre skuta trygt i hamn. Tidleg i kampen får du denne interessante vifta:


♠AQ432
♥QJ107
♦AJ109
♣-

Ei flott hand, men diverre opnar fienden framfor deg i 1 grand, 15-17. Du har inga melding for å vise tri fargar, så du får nøye deg med å melde 2 kløver som baa major. Viss ein skal bruke éi kunstig melding som forsvar mot 1 grand, så må det vera denne: Det er viktig å koma seg på banen når ein har baa major, og 2 kløver er den desidert beste måten å gjera det på. No held vonbrota fram då nestemann berre byksar til 3 grand, og makker, det neket som alltid berre har møkkakort, servilt og fatalistisk passar. Du finn ikkje på noko anna sjølv heller, og må så bestemme deg for eit utspel.

Du har jo eigentleg tri fargar som kan vera aktuelle. Kvar og ein av dei kan gje deg mange stikk viss makker har noko å bidra med i sorten. Men når du har fjorten poeng sjølv og motparten hoppar i 3 grand, er det openbert at makker er bortimot blank. Du utelukkar fort ruterutspel, fordi det er ein overhengjande fare for at dét vil koste stikk, og sjølv om makker mot formoding skulle ha dama, set det berre opp tri stikk for oss, ikkje beita. Mange spela hjarter ut, som er det tryggaste valet, det gjev neppe bort stikk. Men problemet er at motparten ofte vil ha fem, kanskje seks kløverstikk på lager, og når dei då også har ess og konge i hjarter, er dei allereie svært nær ni, og vil ofte kunne sønderskvise deg på all kløveren slik at du må gje bort eit stikk til spar konge òg. Det er marginalt, men eg trur sparutspel er riktig. Det er god plass til at makker kan ha knekten eller ein tilstrekkjeleg mange småkort der. La oss seia du vel ein spar. Bordet kjem ned, og du ser fylgjande kort.

	♠107	
	♥K9	
	♦K432	
	♣KJ1092	
♠AQ432		
♥QJ107		
♦AJ109		
♣-		

På liten i bordet legg makker niaren og speleførar ... kongen! Det var gode nyheiter: Makker ser ut til å ha knekten. No fyrar speleførar i veg ess, dame i kløver og ein kløver til, og vi bur oss på å kaste totalt fem kort. Det er vel openbert kva kort det må bli? I ruter treng vi ikkje meir enn esset, for om speleførar spelar ruter har vi sannsynlegvis beita i spar (vi spelar liten til makkers markerte knekt og vonar han har endå ein spar å spela). Men hjarteren må vi kanskje halde? Vel, når vi uansett kastar ruterer blir hjarteren òg mindre verdifull, for om speleførar har åttaren der er vi genuint skvisa, kastar vi spar set han jo berre opp nokre ruterstikk ved å presse ut det no svært lause esset vårt. Altså må vi basere oss på at makker har hjarter åtte, og gå ned på to hjarter òg, slik det sat i praksis.



Det var eit komplekst spel, ikkje minst med hjarter dame i utspel. Sei at speleførar vinn i bordet og dreg kløver til esset og ruter til kongen som står. Vest må på alle kløverstikka vera vaken og avblokkere ein høg hjarter og halde sjuaren, slik at aust kan hende kan få koma inn på åttaren. Viss ikkje blir vest enkelt innspela. Siv Thoresen og Terje Lie var



Siv Thoresen


mellom dei som fann avblokkeringa i motspelet og vart løna med ei beit, men speleførar kunne eller burde vunne kontrakten likevel ved å dukke hjarter ni rundt. No kan vest fri seg med hjarter, men sør kan tvinge vest inn att i ruter, for til slutt å få for spar konge. Variantane er mange, så vi avsluttar analysen her, men med spar ut sikra du iallfall ei enkel beit.

Apropos utspel:

♠843
♥Q
♦K76
♣987632

Sør opnar 1 hjarter, du passar, nord melder 2 grand som er utgangskrav med hjarterstøtte, sør melder 3 hjarter minimum, nord 3 spar cuebid, sør 4 kløver cuebid. Nord seier 4 grand, Blackwood, sør viser eitt ess med fem ruter, og nord tek sjansen på 6 hjarter. Kva spelar du ut?


Som om ikkje mykje nok står på spel i sørven din mot 6 hjarter, må du sjølv spela 6 spar litt etterpå, den kanskje vanskelegaste prøva di i laupet av heile helga.



Av lutter fandenivaldskeheit har makker fått overført kontrakten til deg i sør, så han sjølv kan sitja og tyggje tyggis medan du må fintenkje knallhardt. Motparten har ikkje meldt. Ruter konge kjem ut til esset hjå blindemann. Du ser at kontrakten er

nedlegg med trumfen 2-2 eller om dama sit singel, så du legg ned ess og konge i spar, men diverre hadde vest dame, ti, åtte tridje. Aust kastar ein inkjeseiande ruter. Kva gjer du no?


Fyrst til utspelsproblemet. Slik såg det spelet ut:

	♠AQ	
	♥J654	
	♦A98	
	♣AQJ4	
♠843		♠10952
♥Q		♥K93
♦K76		♦QJ1053
♣987632		♣10
	♠KJ76	
	♥A10872	
	♦42	
	♣K5	

Ver så snill og sei at du valde ein ruter mot 6 hjarter. Eg veit det ser uappettleg ut å spela frå kongen tridje mot ein slem, men aggressive utspel er oftare rett mot lilleslem enn mange trur, spesielt frå ei så veik hand som den du har her, der det ikkje er grunn til å tru at motparten har meldt for høgt og vill gå beit "for eigen maskin". I det minste bør du vurdere alternativa nøye: Spar er feil, fordi makkeren din hadde sjansen til å doble 3 spar om han har god spar, men det gjorde han ikkje. Trumf er nesten alltid eit dårleg utspel mot lilleslem, og her er det endå meir tvilsamt fordi dama di til og med kan koma til å gje stikk innimellom. Kløver har speleførar kontrollmeldt, så at det skal finnast noka beit der når

du sjølv har seks småe, er svært usannsynleg. Ruter gjenstår, der kan makker fort ha noko snacks ... Jamvel med ruter ut kan speleførar riktig nok vinne 6 hjarter ved å stikke, ta ess, dame i spar, spela hjarter til esset og kaste to ruter i bordet på sparen. Men det er ein mykje betre sjanse for han å prøve å kaste den eine ruterer på handa på kløver. Diverre stel aust andrekløver runde med hjarter ni, tek så hjarter konge og den andre beita på ruter konge! Med alt anna enn ruter ut er kontrakten derimot nedlegg ved å leggje ned hjarter ess og spela hjarter, som er riktig fargehandsaming når ein manglar konge, dame, ni fjerde og knekt, ti sit på kvar si hand.

Så til den siste nøtta. Viss du vinn denne slemmen, har du all grunn til å vera nøgd med spelinga di i helga. Ingen kan sjikanere deg, ingen kjefta på deg, du har gjort alt du kunne.

	♠AK7643	
	♥Q85	
	♦A6	
	♣Q3	
♠Q108		♠9
♥1032		♥K76
♦KQ93		♦J8754
♣754		♣J1086
	♠J52	
	♥AJ94	
	♦102	
	♣AK92	

Når du innser at du har trumftapar, innser du òg at du treng hjarterkappen. Men med mindre knekt, ti sit dobbel eller tridje i kløver, er ikkje hjarterkappen nok, du treng eit ekstra stikk. Det det må vel koma i hjarter, der du jo har sjansen på ein dobbeltfinesse dersom aust har både kongen og tiaren? Er det ikkje berre å dra hjarter dame til kongen og esset, ta tri gonger kløver med ruteravkast, spela minor til steling og hjarter til niaren og skulde på uflaks dersom den kappen ryk? Ikkje heilt. Det du må innsjå her er verdien av den fjerde kløveren din. På grunn av denne kan det nemleg bli ein skvis. Vi fordrar jo at aust har hjarter konge, og har han også kløverlengda blir han enkelt skvist, då spelar det inga rolle kven som har hjarter ti. Ein plan om å spela på dette vil riktig



Lasse Aaseng, ein av mange vi tok bilete av Letohallen med spørsmål om han hadde nokre gode spel å fortelja om. "Nei," svara han



Christer Kristoffersen

nok slå feil dersom vest har kløverlengda og aust har konge, ti hjarter, men då aust berre hadde singel spar, auka sjansen for å finne han med minst fire kløver vesentleg. Riktig spel er nok, etter ess og konge i spar som du rutinemessig avblokkerer knekten under, å spela tri høge kløver med ruteravkast før du gjev vest for spar dame. No vil det vera eminent motspel av ein vest med berre småkort i hjarter og den fjerde kløveren, om han spelar ruter heller enn kløver. Men vi må kunne seia at det at han ikkje spelar kløver, styrkjer mistanken om at han ikkje har den siste kløveren. No når vi stel og dreg all trumfen til botnen, kjem aust i klemma. Når den siste trumfen blir spela kan han ikkje halde både kongen tridje i hjarter og kløver knekt. Kastar han kløveren sin

kastar du hjarter og tek dei tri siste stikka i hjarter og kløver, kastar han hjarter kastar du kløver og tek dei tri siste stikka i hjarter. Ser du kvifor forresten kvifor du skulle avblokkere spar knekt? Hadde vest hatt dobbel kløver, ville han ha stole kløver konge og spela ruter, og skvisen din ville vore øydelagt fordi knekten blokkerer deg frå å ta alle trumfstikka i bordet.

Makker har sjølvsagt sovna der han sit, og gratulerer deg såleis ikkje med den nydelege kortføringa di, men du ser fram til å kunne fortelja barneborna dine om dette spelet ein dag. Det kan iallfall Christer Kristoffersen gjera, som var den einaste i heile fyrste- og andredivisjon som vann 6 spar med det kritiske ruterutspelet, på skvis som skissert.

Var nokre av desse nøttene litt for tøffe? Vel, no når du spelar i fyrstedivisjon er det forventa at du skal greie jamvel vanskelege prøver. Men fortvil ikkje om noko gjekk gale denne fyrste helga, for det er enno fleire månader til neste halvdel av tevlinga, månader du kan bruke på hardtreining. Eg tippa du greier mange fleire oppgaver i vårnummeret av Norsk Bridge. God jul så lenge!

Resultat 1. divisjon

Plass	Lag	Poeng	Navn	Land	Lagsammensetning
1	6	101,08	Hauge	Rogaland 1	Hauge - Helness - Helgemo - Kristoffersen - Sælensminde - Brogeland
2	2	77,71	Lie	Møre og Romsdal 1	Lie - Kvangraven - Ekren - Berset - Kindsbekken - Voll
3	7	74,20	JS Hansen	Vest-Agder 2	Hansen - Baumann - Svindahl - Hildal - Brekka - Høiland
4	12	62,27	Grøtheim	Midt-Trøndelag 1	Grøtheim - Tundal - Livgård - Aa - Erichsen - Skjetne
5	3	58,28	Hornslie	Midt-Trøndelag 2	Hornslie - Høyem - Austberg - Berg - Berg - Simonsen
6	8	56,75	Thoresen	Østfold og Follo 1	Thoresen - Ovesen - Anderssen - Marstrander
7	5	54,45	Skoglund	Østerdal 1	Skoglund - Skoglund - Sætre - Evenstad - Larsen - Ovesen
8	9	53,77	Rasmussen	Hordaland 1	Rasmussen - Charlsen - Hoftaniska - Bentzen
9	4	51,82	Lillevik	Oslo 1	Lillevik - Furunes - Mikkelsen - Ludvigsen - Schjelderupsen - Jensen
10	11	47,34	Mæsel	Vest-Agder 1	Mæsel Mæsel - Mæsel - Aalberg - Bogen - Harding - Fuglestad
11	10	44,09	Smith	Buskerud 1	Smith - Evjen - Allard - Jensen - Røren - Saur
12	1	38,24	Våge	Midt-Trøndelag 3	Våge - Eide - Berg - Kippe - Græsli - Bogø

Resultat 2. divisjon, Avd. A

1	5	80,66	Åselid	Salten 1	Åselid - Aabye - Farstad - Sveindal - Larsen - Lyngen
2	9	80,37	Holmbakken	Hedmark og Oppl. 1	Holmbakken - Hagen - Ohren - Brentebraaten - Fyrn - Andersbakken
3	3	68,62	Øberg	Telemark 1	Øberg - Hogstad - Jørstad - Jørstad - Bergheim - Frydenberg
4	6	67,23	Knutsen	Vest-Agder 4	Knutsen - Knutsen - Kolnes - Biribakken
5	12	65,28	Kopstad	Vestfold 1	Kopstad - Kopstad - Svendsen - Tøndel - Rekstad - Johansen
6	1	64,31	Bartnes	Gudbrandsdal 1	Bartnes - Lunna - Grude - Bakke
7	4	63,21	JA Olsen	Aust-Agder 1	Olsen - Pedersen - Lindqvist - Lindqvist
8	11	57,32	Bruvoll	Midt-Trøndelag 4	Bruvoll - Minde - Kristoffersen - Brenne - Løvik - Mogren
9	8	54,92	Homme	Vest-Agder 3	Homme - Homme - Reinertsen - Hansen
10	10	44,63	Wikstrand	Oslo 2	Wikstrand - Gunnarsson - Wilt - Bøe - Larsen - Amerek
11	2	38,81	Bårseth	Sør-Trøndelag 2	Bårseth - Langen - Bjerkset - Helgemo
12	7	34,64	Fidjestøl	Møre og Romsdal 4	Fidjestøl - Engebretsen - Haugen - Bølum

Resultat 2. divisjon, Avd. B

1	8	89,79	Davidson	Nord-Trøndelag 1	Davidson - Saur - Hegge - Stangeland - Flakstad - Ringseth
2	4	75,51	Lutro	Haugaland 1	Lutro - Nitter - Hansen - Urheim - Eileraas - Svendsen
3	2	73,16	Kjærnsrød	Vestfold 2	Kjærnsrød - Sundseth - Olsen - Syversen - Munkvold - Buer
4	6	69,21	RN Hansen	Østfold og Follo 2	Hansen - Rasmussen - Almendingen - Hjerkin - Simonsen - Axenbratt
5	12	60,83	E Eliassen	Rogaland 4	Anfinsen - Eliassen - Reve - Reve - Anfinsen - Solheim
6	7	55,35	Hagaseth	Hedmark og Oppl. 4	Hagaseth - Haslene - Røseeng - Røseeng - Tofsrud - Månun
7	5	54,87	Mælen	Sør-Trøndelag 1	Mælen - Stafne - Børmark - Kjønsvik - Krogh - Bjørkan
8	10	54,36	Grime	Romerike 1	Grime - Kristensen - Sundeng - Olsen - Bjerkan - Aaseng
9	11	51,22	Falster	Oslo 3	Falster - Lütken - Mangset - Hagen - Fjørtoft - Jordstedt
10	1	49,75	Skimmeland	Rogaland 3	Skimmeland - Heskje - Bårdsen - Larsen
11	3	45,02	Selfors	Helgeland 2	Selfors - Småli - Bogen - Bogen - Bogen - Eriksen
12	9	39,93	Træet	Haugaland 2	Træet - Tveito - Gamlemshaug - Lunde - Haga - Urheim

Resultat 2. divisjon, Avd. C

1	8	86,49	Høyland	Hordaland 2	Høyland - Høyland - Høyland - Eide - Bakke - Hantveit
2	9	75,78	Herland	Rogaland 2	Søiland - Ueland - Frøyland - Herland - Ueland
3	10	73,06	Hartvigsen	Møre og Romsdal 3	Hartvigsen - Storsten - Bjerkevoll - Remvik - Kvam - Gravanoes
4	1	69,07	Veseth	Øst-Finnmark 1	Veseth - Jensen - Jensen - Leinan - Bull - Anthonsen
5	7	61,92	Vinjevoll	Møre og Romsdal 2	Vinjevoll - Årdal - Sunde - Sivertsvik - Holmøy - Vist
6	2	61,01	Johansen	Salten 2	Johansen - Johansen - Karlsen - Jakobsen
7	3	58,66	SA Olsen	Troms og Ofoten 1	Olsen - Reinholdtsen - Olsen - Falsen
8	6	56,06	Thomassen	Helgeland 1	Thomassen - Karlberg - Rydland - Riksvold - Fagerdal - Kristiansen
9	4	55,90	Vestå	Lofoten og Vest. 1	Vestå - Ellingsen - Digre - Bremseth - Harr
10	11	46,58	Berg	Hedmark og Oppl. 3	Berg - Vermund - Bratt - Pedersen - Andersen - Morken
